

Sakshandsamar: Frode Kristian Grøtnebø, tenesteleiar
Sak nr.: 2024/4124 - 1

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
	15.05.2024	Utval for levekår
	16.05.2024	Formannskapet

Høyring lokale forskrifter til ny opplæringslov for Sogndal kommune

**Kommunedirektøren rår utval for levekår til å gje slik tilråding:
Utval for levekår rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**

1. Formannskapet sender på høyring framlegg til følgjande nye lokale forskrifter for skulane i Sogndal kommune.

- forskrift om permisjon i grunnskulane i Sogndal kommune
- forskrift om skulereglar i Sogndal kommune
- forskrift om hovudmål i dei kommunale grunnskulane i Sogndal kommune

2. Formannskapet vedtek å handsame sak om lokale forskrifter etter slik prosess:

Arbeid	Tidsfrist	Notat
Legge ut framlegg til høyring	20. mai	
Rektor tek opp tekstforslag/ vidaresender til: <ul style="list-style-type: none">- tilsette- elevar (elevrådet)- tillitsvalte på skulen- FAU Følgjande skal ha direkte invitasjon til å gje høyringsinnspel: <ul style="list-style-type: none">- Hovudtillitsvalde- PPT Framlegg til forskrifter blir lagt ut på Sogndal kommune sine nettsider		Elevrådsansvarleg tek opp forskriftene i elevråda. Rektor har ansvar for å informera tilsette. Alle har rett til å senda tilbakemelding på høyringsutkasta innan 1. juli 2024
Høyringsinnspela skal sendast til postmottak@sogndal.kommune.no	1. juli	Høyringsinnspel kan sendast direkte frå enkeltpersonar eller grupper.
Politisk handsaming	Utval for levekår	

	28. august Kommunestyret 3. oktober	
Offentleggjering i norsk Lovtidende		

Vedlegg:

- 1 Forskrift om hovudmål i grunnskulane i Sogndal kommune
- 2 Forskrift om permisjon i grunnskulane i Sogndal kommune
- 3 Forskrift til skulereglar Sogndal kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I ny opplæringslov som skal gjelde frå 01.08.2024, er det stilt krav til at alle kommunar skal utforma lokale forskrifter på fem område. I tillegg er det fleire område kommunen kan gje forskrifter på. Forskriftene skal vera offentleggjort i Norsk Lovtidend.

Dei fem områda som det er krav om lokale forskrifter på, er:

1. Permisjon frå skulen
2. SFO (vedtekter)
3. Skulereglar (overordna ordensreglar heiter no skulereglar)
4. Hovudmål i opplæringa
5. Skuleruta

Saka omhandlar forskrifter til nr. 1,3 og 4. Vedtekter SFO vart vedtekne i kommunestyret 30.03.2023, medan skuleruta har ein hatt ein administrativ prosess for å legge. Skuleruta for 24-25 er lagt og kan vanskeleg endrast. Skuleruta for skuleåret 25-26 blir lagt fram til politisk handsaming hausten 2024.

Kommunen må sørgja for høyring, vedtak og offentleggjering i Norsk Lovtidend for sine forskrifter før dei kan takast i bruk.

2. Konklusjon

Kommunedirektøren rår formannskapet til å legge forskrifter ut på høyring og handsame dei etter oppsett tidsplan.

